

## ØYGARDEN KYRKJELEGE FELLESRÅD

# VEDTEKTER FOR GRAVPLASSANE I ØYGARDEN KOMMUNE

(Vedtektene er å rekne som forskrift)

Jfr. lov av 7. juni 1996 nr. 32 om gravplassar, kremasjon og gravferd (Gravferdsloven) § 21.

Vedteke av Øygarden kyrkjelege fellestråd Dato: 23. oktober 2019

Godkjent av Bjørgvin bispedømmeråd Dato: 26. juni 2019

**Verknadstidspunkt: 01.01.2020**

### § 1 Forvaltning

Gravplassane i Øygarden kommune er underlagt Øygarden kyrkjelege fellestråd sitt administrasjons- og myndigheitsområde.

### § 2 Definisjonar

*Gravplassforvaltning:* Øygarden kyrkjelege fellestråd under utøving av sitt forvaltningsansvar for gravplassane i Øygarden kommune, jfr. gravferdslova med forskrifter.

*Frigrav:* Grav som gravplassforvaltninga har tildelt ein avdød person frå kommunen som det ikkje skal betalast festeavgift for i fredningstida.

*Festa grav:* Grav som vert festa mot betaling av avgift.

*Festa gravstad:* Fleire kistegraver som er festa saman (maksimum 3 graver).

*Urnegrav:* Grav til askeurne med plass til fire urner jf. gravferdsforskriften § 14. Dette gjeld ikkje § 11 *Namna minnelund*, der det berre er plass til ei urne.

*Kistegrav:* Grav som tek vare på forskrifta sitt krav til storleik for gravlegging av kister. I ei kistegrav kan det også gravleggjast urner.

*Fredningstid:* Tidsrom frå siste gravlegging til grava kan gjenbrukast til ny gravlegging.

*Festetid:* Perioden det er inngått avtale om bruk av grav mot betaling av avgift.

*Ansvarleg for grav:* Den som er ansvarleg for ei fri grav.

*Festar:* Den som står som part i ein festeavtale.

*Anonym minnelund:* Gravfelt for graver som er anonyme. Plassering av gravene er berre er kjent for gravplassforvaltninga. Det kan vere eit felles minnesmerke utan opplysningar om kven som er gravlagt.

*Namna minnelund:* Gravfelt med felles minnesmerke med namn og data på ei som er gravlagt.

*Gravlegging i to nivå:* På Blomvåg gravplass er det lagt til rette for å gravlegge i to nivå, dvs. at kistene står over kvarandre.

*Gravstellsavtale:* Avtale om førehandsbetalt gravstell med Øygarden kyrkjelege fellestråd.

### § 3 Ferdsl på gravplassane

Besøkande skal så langt det er mogeleg ferdast gåande, jfr. gravferdsforskriften § 9(2).

Gravplassforvaltninga kan gi løyve etter søknad til bruk av bil på gravplassen ved dokumentert sjukdom/rørslehemming, ved anleggsarbeid og godkjent næringsverksemd.

#### **§ 4 Gravplasstillhøyrse**

Avdøde personar med bustad innan kommunen kan gravleggast på kva for gravplass som helst i kommunen. Dei har rett til fri grav so framt grava er tilvist.

Avdøde personar som på grunn av sjukdom eller alderdom har budd i ein annan kommune mot slutten av livet, vert betrakta på same måte som kommunen sine egne innbyggjarar og har rett til fri grav under føresetnad av tilvist grav.

Frigrav med festegrav (gravstad) vert tilvist av gravplassforvaltninga etter bruksplan for den enkelte gravplass.

Avdøde personar frå andre kommunar kan gravleggast i Øygarden kommune mot at kostnaden ved gravferda og avgift som ved feste vert betalt frå første dag. Det er ikkje høve til å feste fleire graver utover den eine grava som er tilvist. Det er høve til seinare å sette ned urner på grava som er tilvist.

#### **§ 5 Fredningstid**

Fredningstida for kistegraver er 20 år.

Fredningstida for urnegraver 20 år.

Gravplassforvaltninga kan vedta lengre fredningstid for enkelte graver og gravfelt. Dette vert tatt omsyn til ved tilvising av grav.

#### **§ 6 Feste av grav**

Når kistegrav vert teken i bruk, er det høve til å feste inntil 2 graver ved sida av frigrava. Desse gravene utgjer ein gravstad.

Når urnegrav vert teken i bruk i namna minnelund, kan det reserverast ei grav ved sida av.

Når festetida er ute kan gravstaden festast for 5 nye år. Fornyng av feste gjeld for heile gravstaden. Det er ikkje høve til berre å feste ei enkeltgrav dersom gravstaden består av fleire graver. Når det er gått 60 år etter siste gravlegging, kan festet ikkje fornyast utan særskilt godkjenning frå gravplassforvaltninga. Det same gjeld for urnegrav i namna minnelund. I god tid før festetida er ute skal festaren varslast. Dersom festet ikkje er fornya innan seks månader etter forfall, fell gravstaden tilbake til gravplassen.

Innbetalt festeavgift vert berre betalt tilbake dersom tilbakebetaling følgjer av bindande rettsreglar eller at det ligg føre særlege grunnar.

Ingen kan gravleggast i festa gravstad utan festaren sitt samtykke. Dersom den ansvarlege eller festaren sitt samtykke til bruk av festa grav ikkje kan innhentast, kan gravplassforvaltninga ta avgjerd om gravlegging.

Festaren pliktar å melde adresseendring. Dersom festar ikkje betalar festeavgift eller ein ikkje får kontakt med festar vil gravminnet takast bort frå grava og oppbevarast hos gravplassforvaltninga i 1 år. Etter 1 vert gravminnet destruert på ein trygg måte.

Gravminner av spesiell verdi kan oppbevarast. Kva for gravminner dette kan gjelde vert bestemt av gravplassforvaltninga, etter eigen ordning for dette.

Det er ikkje mogeleg å sletta ei grav i ein gravstad med fleire graver. Dersom ein ønskjer å sletta graver skal heile gravstaden slettast.

## **§ 7 Grav og gravminne**

Ved opning av grav, kan jordmassar mellombels plasserast på omkringliggjande graver og gravminne flyttast. Gravplassforvaltninga vil syta for planering og tilsåing av grava etter gravlegging.

Det kan som regel setjast opp eitt gravminne på kvar gravstad. Montering av gravminne kan skje etter at gravplassforvaltninga har godkjent gravminnet. Det kan monterast tidlegast 4 månader etter gravlegging av kiste. Gravminne på urnegrav kan settes opp umiddelbart etter urnenedsetjinga.

På ny festa gravstad set ein opp gravminne i bakkant på den først brukte grava. På nokre gravplassar skal gravminnet midtstillast. Dette vert opplyst om når gravminnet skal godkjennast.

Gravminne, fastmonterte dekorgjenstandar, fundament eller sokkel, reknast som del av gravminnet og skal godkjennast av gravplassforvaltninga.

## **§ 8 Plantefelt og utstyr på grava**

Framfor gravminnet kan det opparbeidast eit plantefelt i høgd med bakken ikring. Breidda på bedet kan maksimalt tilsvare breidda på gravminnet, med unntak av gravminne mindre enn 60 cm, der breidda kan vere opp til 60 cm. Bedet kan ikkje stikke lenger fram enn 60 cm målt frå bakkant av gravminnet. Dersom det ikkje er aktuelt med plantefelt, skal det vere grasbakke på alle sider av gravminnet.

Det er ikkje høve til å bruke faste dekorgjenstandar som liggande plater, blomsterurner, lykter m.v i plantefeltet. Lause dekorgjenstandar, gravutstyr og plantar er den ansvarlege/festaren sitt ansvar og må ikkje overstige gravminnet eller gå utover bedet.

Dekorgjenstandar må ikkje verke støytande overfor andre besøkande eller vere til hinder eller fare for drift av gravplassen.

Det er berre tillate å ramme inn bed med liggjande steinlist eller laus bedplate som fluktar med terrenget omkring. Bedplate og fundament for gravminne skal ikkje hengje saman.

## **§ 9. Plantemateriale**

Plantar, kransar o.l. som brukast ved gravferd eller pynting av grav og som endar som avfall, skal vere heilt komposterbar.

## **§ 10. Stell av grav**

Den som er ansvarleg for frigrav eller er gravfestar har rett og plikt til å stelle den grava vedkommande har ansvar for. Plantefelt som ikkje vert tilplanta eller stelt vert tilsådd av den ansvarlege eller av gravplassforvaltninga.

Ansvarleg for grav eller festar kan gjere avtale om at kyrkjeleg fellesråd, og den som får løyve etter § 16, kan utføre planting og stell av grav, samt montering, sikring og vedlikehald av gravminne. Ein slik avtale frittek ikkje den ansvarlege eller festar frå det ansvaret dei har etter reglane som til ei kvar tid gjeld.

## **§ 11 Namna minnelund**

Ordning med namna minnelund gjeld for urner og kistegraver på tilvist stad på dei gravplassar der det er namna minnelund.

Ved bruk av særskilt urnegrav kan det festast ei grav ved sidan av (dette er aktuelt i felt som er knytta til namna minnelund).

Ved gravlegging i namna minnelund vert namn og data til avøde ført på ei namneplate på felles minnesmerke. Minnesmerke vert forvalta av gravplassforvaltninga. Det er ikkje høve til å ha eige gravminne eller opparbeida eige plantefelt. Namneplatene er likt utforma. Det er festar som betalar for minneplata og montering av plata på minnesmerke.

Minnelundar vert stelt av gravplassforvaltninga. Blomar og lys kan setjast ned på tilvist stad ved felles minneplate. Kunstige plantar og batteridrivne lys kan ikkje nyttast.

Det er høve til å nytte symbol og leggje til ein tekst på namneplata. Symbol og tekst må ikkje vere støytande for andre besøkande, og skal godkjennast av gravplassforvaltninga.

Ved feste av grav kan det setjast av plass til ekstra namneplate på minnesmerket.

Namneplater vert fjerna ved sletting av grav.

### **§ 12 Anonym grav**

Anonym grav kan vere kistegrav og urnegrav. Det er berre gravplassforvaltninga som kjenner plassering av grava. Det er ingen ansvarleg for ei anonym grav. Det er ingen synlege teikn på plassering av desse gravene på gravplassane. Jfr. gravplassforskrifta § 15.

### **§ 13 Bårerom**

Gravplassforvaltninga har bårerom ved Hjelme kyrkje, Blomvåg kyrkje, Kausland kyrkje og Foldnes kyrkje. Bårerom skal berre nyttast til å ta vare på avlidne i tida fram til gravferda. Ingen har tilgang til båreromma utan godkjenning av gravplassforvaltninga. Liksyning kan berre finne stad etter samtykke frå den som står for gravferda og er uvedkommane for tilsette i gravplassforvaltninga.

### **§ 14 Næringsverksemd**

Gravplassforvaltninga kan gi private næringsdrivande løyve til å drive ervervsmessig verksemd på gravplassane i Øygarden. Slikt løyve kan gjevast for inntil 4 år om gongen.

Dei næringsdrivande må rette seg etter gjeldande lov, føresegner og vedtekter for kyrkjegardane og må sjølve fjerne overskotsmassar og alt avfall i samband med det arbeidet dei utfører. Løyvet kan trekkjast tilbake med umiddelbar verknad ved brot på nemnde reglar eller vilkår i løyvet.

Dei tilsette på gravplassane kan ikkje mot godtgjersle utføre tenester for private eller næringsdrivande. Dei kan heller ikkje engasjere seg i sal av varer eller tenester som har med gravplassen å gjere.

### **§ 15 Arbeid på gravplassane**

Anleggs- og vedlikehaldsarbeid skal skje i innanfor normalarbeidstid (07-16), og må ikkje utførast på søndagar og helgedagar, eller på offentlege høgtidsdagar. Arbeid på gravplassane skal godkjennast av gravplassforvaltninga, etter søknad.

### **§ 16 Brot på vedtektene**

Dersom vedtektene ikkje vert følgde, kan gravplassforvaltninga setje i verk naudsynte tiltak for ansvarlege/festar si rekning.

### **§ 17 Dispensasjon frå vedtektene**

I særlege tilfeller kan gravplassforvaltninga dispensere frå § 16. Eventuell generell dispensasjon med heimel i lov og forskrift for gravplassar.